

Avtale om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag mellom Kommunearkivo

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- GEIR LIAVÅG STRAND, signert 21.03.2025 med ID-Porten: BankID
- PER MORTEN EKERHOVD, signert 21.03.2025 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Avtale om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag mellom Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap og deltakar i samarbeidet: Vestland fylkeskommune

1. Generell informasjon

I det vidare vert Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap omtalt som samarbeidet og Vestland fylkeskommune som deltakar/fylkeskommunen.

Avtalen gjeld samarbeidet sin rett til å disponere tilsette i fylkeskommunen og andre praktiske bidrag frå fylkeskommunen som deltakar. Fylkeskommunen sine utgifter til dei praktiske bidraga er frådrag som skal trekkast frå fylkeskommunen si årlege bidragsplikt. Dersom desse utgiftene overstig bidragsplikta, skal samarbeidet kompensere fylkeskommunen økonomisk. Utgiftene til dei fylkeskommunalt tilsette som samarbeidet disponerer, vert dekkja direkte av samarbeidet, og er ikkje del av reknestykket.

2. Grunnlag

Avtalen er utarbeidd med utgangspunkt i samarbeidet sine vedtekter (vedtektene) §§ 5 andre ledd og 12 sjuande og niande ledd, der det står følgjande:

«Samarbeidet kan tilsetje eigne tilsette i den grad det er naudsynt eller føremålstenleg. Vidare kan deltakarane i samarbeidet stille sine tilsette til disposisjon for å utføre arbeid for samarbeidet, anten som ein del av bidraget sitt til samarbeidet eller mot økonomisk kompensasjon.»

«Vestland fylkeskommune sitt årlege økonomiske bidrag for basistjenester, papirdepot og elektronisk depot består av eit fast årleg tilskot.»

«Praktiske bidrag frå deltakarane skal verdsettast basert på kva kostnad bidraget inneber for deltakaren, og skal deretter gå til frådrag i den årlege bidragsplikta til vedkomande deltakar (krone for krone).»

Vedtektene legg, i sin heilskap, føringar og rammer for innhaldet i denne avtalen. Vedtektene er utarbeidd med utgangspunkt i kommunelova kapittel 19 (tidlegare kommunelova 1992 § 27).

3. Omfang

Avtalen omfattar ein rett for samarbeidet til:

- å disponere eit avtalt tal årsverk ved seksjon arkiv, KFO
- å disponere plass i arkivdepot
- å disponere kontorlokale og del av fellesareal
- tilgang på stabs- og støttefunksjonar i fylkeskommunen, m.a. økonomi-, IKT-, juss-, innkjøps- og bygg og eigeidomsfunksjonar

Fylkeskommunen sine praktiske bidrag skal verdsettast basert på kva kostnad bidraget inneber for fylkeskommunen, jf. vedtektene § 12. Omfanget og verdien av dei praktiske bidraga er spesifisert i vedlegget til avtalen. Vedlegget skal reviderast årleg og elles ved behov.

Kostnaden dei praktiske bidraga inneber for fylkeskommunen, skal gå til frådrag i fylkeskommunen sitt årlege økonomiske bidrag for basistjenester, papirdepot og elektronisk depot, jf. vedtektene § 12. Sjå vedlegget for meir detaljar rundt dette.



4. Avtalelengd

Avtalen gjeld frå den er underskriven av partane og så lenge fylkeskommunen deltek i samarbeidet, eller fram til nokon av partane seier den opp. Avtalen må seiast opp eitt år i førevegen.

5. Endring eller justering av avtalen

Både samarbeidet og fylkeskommunen kan krevje avtalen endra som følgje av auke eller nedgang i arbeidsomfang. Endringskravet må leggjast fram seks månader i førevegen. Dette er ein rett til å få endringskravet vurdert, ikkje ein rett til einsidig å utvide eller innskrenke avtaleomfanget.

Fylkeskommunen sine bidrag og bidragskostnadar skal rullerast årleg og reviderast ved behov, jf. punkt 3 i avtalen.

6. Oppseiing ved brot på avtalen

Ved brot på avtalen, har den lidande parten rett på økonomisk kompensasjon for eventuelle økonomiske tap.

Ved brot på sentrale delar av avtalen har den lidande parten rett til å seie opp avtalen med omgåande verknad. Sentrale delar av avtalen er plikta til å yte og til å kompensere for praktiske bidrag. Oppseiinga skal vere skriftleg.

7. Kontaktpersonar

Kontaktpersonar:

Direktør for kultur og folkehelse, Vestland fylkeskommune: Per Morten Ekerhovd

Telefon: 957 60 481

E-post: per.morten.ekerhovd@vlfk.no

Styreleiar i Kommunearkivordninga i Vestland : Geir Liavåg Strand

Telefon: 951 91 753

E-post: geir.liavag.strand@gloppen.kommune.no

8. Konfliktløysing

Norsk rett regulerer partane sine rettar og plikter etter avtalen. Usemje om verknad, innhald eller gjennomføring av avtalen, skal prøvast løyst ved forhandlingar. Dersom forhandlingane ikkje fører fram, skal partane krevje saka avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Partane vedtek Sogn og Fjordane tingrett som vernetting.

9. Signatur

Dokumentet vert signert digitalt.



Vedlegg til avtale mellom Vestland fylkeskommune og Kommunearkivordninga i Vestland KO

1. Innleiing

Vedlegget til «Avtale om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag mellom Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap og deltakar i samarbeidet: Vestland fylkeskommune», sist revidert januar 2025, inneheld informasjon om avtalt omfang av og kostnad for Vestland fylkeskommune (VLFK) sine praktiske bidrag inn i Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV). Vedlegget skal rullerast årleg og reviderast ved behov. Alle summar skal justerast årleg for pris- og lønsvekst.

Det er opp til partane i avtalen å bli samde om innhaldet i eventuelle endringar. For Kommunearkivordninga ligg endringsmyndet til styret og for fylkeskommunen sin del ligg endringsmyndet til fylkesdirektøren (med atterhald om endringar i fylkeskommunen sitt delegeringsreglement).

2. Omfanget og verdien av tenestene VLFK får som medlem av KAV

Som medlem av KAV har VLFK rett på desse tenestene, som skissert i vedtektene¹:

- Arkivdepot for eldre, avslutta papirarkiv
- Depot for elarkiv
- Basistenester

For kommunane som er medlem i oppgåvefelleskapet reknar KAV ein fast grunnsum, ein sum per innbyggjar og ein sum per hyllemeter i depot. VLFK kan ikkje samanliknast med ein vanleg kommune, og det er vanleg for depotinstitusjonar å finne ein annan måte å rekne ut fylkeskommunar si bidragsplikt.² Fylkeskommunen si bidragsplikt vart fastsett i PS 2019/84-1 vedteke i Fylkestinget 17.12.2019. Summen har vorte indeksregulert årleg, og var i 2024 på kr. 2 524 964.³

3. Omfanget og verdien av dei praktiske bidraga til VLFK

- a) Det at KAV disponerer inntil 14 årsverk ved seksjon arkiv i KFO har **ingen direkte økonomiske konsekvensar** for fylkeskommunen. VLFK har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, men løn og sosiale kostnader til alle stillingane vert finansiert direkte over KAV sitt budsjett, på lik linje med driftskostnader.⁴ Ein av desse stillingane kan ved behov stillast til rådvelde som dagleg leiar for oppgåvefelleskapet.⁵

¹ Tilskota frå kommunane og fylkeskommunen dekkjer personalkostnader for utføring av lovpålagte oppgåver til depotordning, langtidslagring av elektronisk skapt materiale og betjening av personregister i tråd med personvernforordninga, konsulentbistand og praktisk retta arbeid, rettleiing og kurs, nettverk og samlingar med meir.

² Kommunane i oppgåvefelleskapet betalte i 2024 ein fast grunnsum på kr. 44 805 for vanlege kommunar og det doble for kommunar samanslått frå 2020, kr. 14,1 per innbyggjar og depotleige basert på tal hyllemeter i depot på fylkeshuset på Leikanger. Andre kommunearkivinstitusjonar som har fylkeskommunar som medlem set som oftast ein kontingent basert på ein lågare kronesum per innbyggjar, mellom kr. 3 og kr. 6.

³ Prismodellen for Vestland fylkeskommune kan fastsetjast på nytt i 2025 i samband med revidering av avtale om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag, og i samband med større deponeringar i nytt arkivbygg.

⁴ Dei økonomiske bidraga frå både VLFK og dei 18 andre kommunane utgjer inntektene i eit budsjettår for KAV, og dette går til å dekke både løns- og driftskostnader.

⁵ I rettleiar til interkommunale samarbeid 6.7.4 står det: «For mange råd og oppgåvefelleskap er det praktisk å ha en daglig leder som kan stå for drift, styring, koordinering og eventuell



- b) Plass i arkivdepot, både til papirarkiv og elektroniske arkiv, utgjør ein kostnad for VLFK. KAV disponerer nødvendig areal i magasin på fylkeshuset og nødvendig serverkapasitet til arkivserver. Estimert verdi av dette er **kr. 800 000** frå 2025.^{6 7}
- c) Kontorlokale og del av fellesareal for dei som til ei kvar tid vert disponert av oppgåvefellesskapet har ein estimert verdi på **kr. 500 000** frå 2025.⁸
- d) Stabs- og støttefunksjonar har ein estimert verdi på **kr. 240 000** frå 2025.⁹

4. Totalsum 2025

Dei praktiske bidraga frå VLFK til KAV utgjør kr. 1 540 000 i 2025. KAV vil i 2025 sende faktura til VLFK på differansen mellom total bidragsplikt og verdi av praktiske bidrag.

sekretariatsbistand. Representantskapet kan gi en eventuell daglig leder instruks om hvordan oppgavefellesskapet og rådet skal drives. Det er ikke noe rettslig krav om å ha en daglig leder.»

⁶ Inntil 40 TB på server utgjør kr. 60 000 og 520 kvadratmeter i magasin utgjør kr. 740 000 i 2024.

⁷ I nytt arkivbygg i Hagane på Leikanger disponerer kommunane i KAV eit visst tal hyllemeter, men dette er planlagt regulert gjennom eigne avtalar og fakturert separat.

⁸ Pris for 11 til 14 tilsette, altså estimert til mellom kr. 35 714 og kr. 45 455 per tilsett per år.

⁹ Estimert på stabs- og støttefunksjonane for inntil 14 tilsette:

Stabsfunksjon KFO	kr. 48 000
Stabsfunksjon ORO Kommunikasjon	kr. 6 000
Stabsfunksjon ORO HR	kr. 24 000
Stabsfunksjon ORO Økonomi	kr. 24 000
Stabsfunksjon IDI	kr. 12 000
Drift (leasingbilar, reinhald, kantine)	kr. 60 000
Personleg IKT-utstyr	kr. 66 000
SUM	kr. 240 000

Dokumentet er signert digitalt av:

- GEIR LIAVÅG STRAND, 21.03.2025
- PER MORTEN EKERHOVD, 21.03.2025

Forseglet av



Posten Norge